

# Ivar Aasen-sambandet

org.nr.: 982 495 938  
hjå/Sergej Alexander Munkvold  
Moholt Allé 1-61  
7050 NIDAROS  
Telefon: 73 88 74 07  
Mobil: 400 13 427

SANDBR.: 04-095690

DOK. NR.: .....

Nidaros, 06. oktober 2004

Til:  
Vinger og Odal tingrett  
Postboks 104  
2201 Kongsvinger

Krav um millombils tiltak (bokmål: forføyning) etter kap. 15 i lògi um  
tvangsføring

Saksøkjarar:

Ivar Aasen-sambandet  
(org.nr. 982 495 938)  
v/formann Sergej Alexander Munkvold  
Moholt Allé 1-61  
7050 Trondheim

Kjetil Aasen  
Selvbyggerveien 102  
0591 Oslo  
Telefon: 22 65 37 40  
Mobil: 911 47 441

Jostein Krokvik  
6143 Fiskåbygd  
Telefon: 70 02 14 29

Saksøkte:

Norsk bladmannalag  
v/ Lars Bjarne Marøy  
Njårdsv 10  
2214 Kongsvinger

Lars Bjarne Marøy (formann i Norsk bladmannalag)  
Njårdsv 10  
2214 Kongsvinger  
Telefon: 62 81 43 95

Dag Hagen (kassestyrar i Norsk bladmannalag)  
Postboks 1639, Vika  
0119 Oslo  
Mobil: 909 73 539

Lars-Toralf Storstrand (styresmann i Norsk bladmannalag)  
Hopland  
5918 Frekhaug  
Mobil: 452 05 203

### **Saki gjeld:**

Krav um millombils tiltak etter § 15-2 (b) i lògi um tvangsføring: Sperring av konto i Norsk bladmannalag til det er gjort greida for medlemstal, økonomi og um innkallingi (24. september 2004) til årsmøtet (9. oktober 2004) er rettsgild. Det vert òg kravt avrent (kopi) av protokollar frå tidlegare årsmøte og kven som hev motteke innallingi.

## I. Grunnlaget for kravet

### **I.a. Um saksøkjarane:**

Ivar Aasen-sambandet er ein landssamskipnad for klassisk nynorsk, høgnorsk, og vart skipa i 1965. Med i denne er m.a. laget Norsk bladmannalag.

Jostein Krokvik og Kjetil Aasen er lagsmenn i Norsk bladmannalag og var til stadar på uppattskipingsmøtet i 1999. Etter det sidste årsmøtet (2001) er det ikkje kome upprit (bokmål: referat), so det er uråd å dokumentera dette skriftleg. Formannen Lars Bjarne Marøy hev neitta å levera ut lista yver lagsmenn, trass i fleire krav.

### **I.b. Um saksøkte:**

Formann i Norsk bladmannalag, Lars Bjarne Marøy, vart attvald på det sidste årsmøtet, 6. oktober 2001. Han hev dessutan havt andre umbod i lag underskipa Ivar Aasen-sambandet tidlegare.

Dag Hagen vart vald til kassestyrar i 1999 og vore det sidan, og var på uppattskipingsmøtet i 1999. Han lagde fram rekneskapen på årsmøtet i 2001.

Lars-Toralf Storstrand er styresmann i Norsk bladmannalag, vart attvald til styresmann på det sidste årsmøtet, 6. oktober 2001.

### I.c. Um Norsk bladmannalag:

Norsk bladmannalaget er eit lag for journalistar og bladverksemd, og vart fyrste gongen skipa i 1913. Norsk bladmannalag er med i både Ivar Aasen-sambandet (jfr. § 1 i vedtekten for Norsk bladmannalag) og Vestlandske Mållag (jfr. rekneskap for Norsk bladmannalag). Fyremålet er som vedtekt § 1 segjer:

*"Norsk Bladmannalag skal arbeida for norsk målreising, godt norsk mål, og for ei aktiv og fulltenleg nynorsk presse. Laget er med i Ivar Aasen-sambandet.*

*Lagslemer kann dei verta som er samde i lagsfyremålet, er bladfolk i nynorsk pressa eller i andre blad der dei for det meste skriv nynorsk. Likeins kann målfolk som skriv i pressa på nynorsk vera med. [...]"*

[Mi uteving]

Laget hev lege nede sidan 70-talet, men i 1999 gjorde Marøy upptak til å få i gang Norsk bladmannalag att, og fekk etter uppattskipingi (rekonstituering) yverførd 98.457 kronor frå den fyrre styret.

○  
Prov:

Utkast til vedtekter for Norsk bladmannalag – vedlegg 01

Upprit (referat) frå uppattskipingsmøtet i 1999 – vedlegg 02

Rekneskap for 1999 og 2000 for Norsk bladmannalag – vedlegg 03

## II. Verneting og saksgang

Det er ikkje fastsett verneting i vedtekten for Norsk bladmannalag. Sidan formannen held til i Kongsvinger vert søksmålet fremja for Vinger og Odal tingrett.

Saksøkjarane bed at kontoen straks vert sperra og bed primært um skriftlege tingingar, men opnar for munnlege tingingar på eit seinare tidspunkt dersom det er naudsynt. Dei saksøkte hev ikkje vilja gjeva opplysingar um økononomiske tilhøve, herimillom kven som råder yver kontoen trass i at dette er spurt etter fleire gonger. Difor må me koma attende til eventuelle endringar i påstandi i spørsmålet um kven som råder yver kontoen. Vert det klårlagt at andre enn dei nemnde saksøkte råder yver kontoen evt. andre kontoor, vil me evt. koma attende med å inkludera desse i søksmålet.

Utfrå opplysingar i årsmelding for Norsk bladmannalag 1999-2001 kjem det fram at formannen Marøy og styresmannen Storstrand i alle fall hev kontofullmakt (jfr. 1. sida pkt. Økonomi 3. avsnitt). Det er elles uklårt um den årsmøtevalde kassestyraren Hagen hev kontofullmakt.

○  
Prov:

Årsmelding for Norsk bladmannalag 1999-2001 – vedlegg 04

### III. Nærare upplysingar um hendingar fyre og etter det sidste årsmøtet, 6. september 2001

1999 29. april: Uppattskipingsmøte i Gimle, Bergen. Det vart skipa eit millombils styre med Marøy til formann. Det vart vedteke at Norsk bladmannalag skulde vera med i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag.

1999 4. september: Fyrste årsmøte, Grand Hotel Terminus, Bergen (innkalling 24. august).

2001 6. oktober: Andre årsmøte, Helga Engs hus, Blindern i Oslo (innkalling 19. september). Det er for oss uklårt um det vart gjort endringar i vedtekten. På dette årsmøtet vart dette styret valt:

○ Styremenn:

Lars Bjarne Marøy (formann)

Lars-Toralf Storstrand

Christian Fredrik Stabell

Varamenn:

Olav Kobbeltveit

Håvard Tangen

Ådne Lunde

Det hev ikkje vore årsmøte etter årsmøtet i 2001, og det vart ikkje innkalla til nytt årsmøte fyre det vart sendt krav (13. september 2004) um millom anna årsmøte (jfr. pkt. under). Det er dessutan berre halde two styremøte; eitt som under tvil kann kallast eit styremøte - dette var 6. april 2004 – og eitt like fyre innkallingi til årsmøte. Ingen av saksøkjarane hev derimot motteke innkalling.

#### ○ Kravet um umframt (bokmål: ekstraordinært) årsmøte:

13. september 2004 vart det sendt brev med krav um m.a. årsmøte og trugsmål um rettslege tiltak, der styremannen Stabell, og varamennene Kobbeltveit og Tangen skreiv under i saman formannen i Ivar Aasen-sambandet, Sergej Alexander Munkvold, og formannen i Vestlandske Mållag, Kjell Kjerland. Varamannen Ådne Lunde skreiv ikkje under, men sa seg prinsipalt samd i kravet um årsmøte.

Prov:

Brev med krav um umframt årsmøte, dagsett 13. september 2004 – vedlegg 05

#### Møtet 6. april 2004 i Norsk bladmannalag:

Som nemnt er det berre halde two møte etter det sidste årsmøtet (6. oktober 2001). Styremann Christian Fredrik Stabell hev nemnt for saksøkjarane at han fekk formannen Marøy og styremannen Storstrand på innstig på kontoret sitt.

Marøy og Storstrand hadde berre éi sak - å få løyvt pengar til bladtiltaket "Målmannen", som seinare nemnde Klaus Johan Myrvoll og Olav Torheim, og Storstrand driv. Stabell var ikkje kjend med på fyrehand at det skulde vera noko formelt styremøte og var difor heller ikkje kjend med på at Marøy og Storstrand skulde nytt fleira tusund kronor på å stydja eit eksternt tiltak. Stabell bad derimot um årsmøte og framlagd rekneskap fyre han kunde godtaka dette. Etter det saksøkjarane veit, vart difor dette ikkje iverksett. Som me seinare kjem attende til er det nære band millom Torheim, Myrvoll og Marøy og Storstrand. Marøy og Storstrand hev nære band til bladet "Målmannen". Storstrand sit i styret og Marøy er ein aktiv skribent i bladet.

#### **Styremøte fyre innkallingi til årsmøte 9. oktober 2004:**

Formannen Marøy og styresmannen Storstrand vedtok å melda Norsk bladmennalag ut av Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag. Dette viser at desse ikkje hev respekt for vedtekter og årsmøtevedtak. Dette er vedtektsfest og vedteke på uppattskipingsmøtet i 1999 (jfr. vedlegg 01 og 02). Det er påfallande at eit slikt vedtak vert gjort berre fåe dagar fyre årsmøtet no 9. oktober 2004. Dette vedtaket er heller ikkje nemnt i innkallingi til dette årsmøtet.

### **IV. Grunnlaget for kravet**

#### **IV.a. Innleiding:**

Saksøkjarane meiner det i denne tvisten ligg fyre både eit tryggjingskrav (sikringskrav) og ein tryggjingsgrunn (sikringsgrunn), jfr. § 15 – 6 i lògi um tvangfullføring.

Det vart sendt purringsbrev (28. september 2004), til Marøy og Hagen, med krav um m.a. yversyn yver lagsmenn og økonomi i laget. Dette purringsbrevet vart underskrive av varamann i Norsk bladmennalag, Håvard Tangen, lagsmann i Norsk bladmennalag, Kjetil Aasen, formann i Ivar Aasen-sambandet, Munkvold og formann i Vestlandske Mållag, Kjerland. Ingen av kravi er etterkomne; det er heller ikkje kome nokor form for svar.

Prov:  
Purringsbrev, dagsett 28. september 2004 – vedlegg 06

#### **Rekneskap og saldo:**

Saksøkjarane hev ikkje konto-upplysingar for Norsk bladmennalag, og kann difor ikkje vita saldo. Som nemnt fekk interimstyret 98.457 kr. (jfr 1. sida pkt. Økonomi 1. avsnitt i *Årsmelding for 1999-2001*). Rekneskapen for 1999 og 2000 viser at *sum skuld og eigenmidel* var 99.861,24 kr., for 2000 var det 103.613,03 kr.

Årsmeldingi for 1999-2001 nemner ingen tilkomande utlegg i rekneskapen. Legg me til at der ikkje hev vore årsmøte og berre two styremøte etter 2001, skal det difor - etter rett – ikkje vera ei minking i lagsmidlane.

Jfr. vedlegg 03 og 04 for rekneskap og årsmelding.

#### IV.b. Tryggjingskrav:

Saksøkjarane krev att kontoen til Norsk bladmannalag vert sperra. Sidan det ikkje er klårlagt kva kontoar som Norsk bladmannalag hev, grunna manglande informasjon frå dei saksøkte til medlemene og yverordna organ (fylkeslaget; Vestlandske Mållag og landssamskipnaden; Ivar Aasen-sambandet) bed saksøkjarane um at dei som rår yver kontoane til Norsk bladmannalag vert pålagde å halda seg frå å råda yver kontoar og å gjeva saksøkjarane informasjon um den økonomiske stoda, medrekna kva kontoar som Norsk bladmannalag hev – til dess spurmålet um årsmøtet og handlemåtane til dei saksøkte er rettsgilde. Det innkalla årsmøtet er ikkje rettsgiltt um ikkje alle medlemene er kalla inn, jf. ålminnelege foreiningsrettslege prinsipp.

Saksøkjarane meiner det grunna manglande innkalling til alle medlemene til Norsk bladmannalag og informasjon til yverordna organ som Norsk bladmannalag er tilkytt, er tvilsamt um årsmøtet som styret legg upp til å halda den 9. oktober 2004 er rettsgiltt. Dette spurmålet er noko rettsstellet lyt taka stilling til på eit seinare tidspunkt. Den underliggjande striden er difor um handlemåtane til saksøkte hev rettsgiltt grunnlag.

#### IV.c. Tryggjingsgrunn:

Saksøkjarane meiner at det ligg fyre ein tryggjingsgrunn, og kann ikkje venta til eit ordinært søksmål er reist.

Då saksøkte Marøy var formann i Vestlandske Mållag misbruks han formannsumboden og kontofullmaki til å tappa dette laget for alle midlar, utan styrevedtak. Marøy kuppa laget etter at han lagde årsmøtet i ferietidi (29. juni 2002) til ein ekstrem utkant, Borten i Bremanger, Nordfjord. Marøy fremde tvisten for retten ved forliksråd og byrett i Bergen. Tvisten i forliksrådet og i rettsgangen derpå førde med seg at Marøy, som formann i Vestlandske Mållag, nytta 32.000 kronor på advokatutgifter av lagskassa i dette laget, fyre han måtte draga seg attende.

Prov:

Rekneskap for Vestlandske Mållag 2002 og 2003 – vedlegg 07

Sidan kom det òg fram at Marøy mottok um lag 62.0000 kronor av lagsmidlane i Ivar Aasen-sambandet, frå two han hev nære venskapsband til - tidlegare formann Klaus Johan Myrvoll og varaformann Olav Erlend Torheim i Ivar Aasen-ambandet. Dette utan lovlegt styrevedtak og i strid både med landsmøtevedtak um budsjett og fyremålet å laget.

Prov:

Referat frå styremøte i Ivar Aasen-sambandet 14. mars 2004 – vedlegg 08  
Kontoutskskrifter for Ivar Aasen-sambandet 2003 og 2004 – vedlegg 09  
Budsjett 2002 og rekneslap 2001 for Ivar Aasen-sambandet – vedlegg 10

Det vart altso ikkje løyvt pengar etter styrevedtak, men summen vart likevel utbetala. Det finst ikkje budsjett for 2003 sidan formannen ikkje hadde kalla inn til landsmøte i 2003.

Marøy er altso ein mann som er vorten vist tillit med altfor mange og viktige verv i lagsbygnaden, men valde i staden å misbruка denne. Og han hev vist at han er truande til å setja yver styr store summar, og hev alt vore med å tøma two lag for midlar:

#### Umstendet i Ivar Aasen-sambandet serleg:

I høve til Ivar Aasen-sambandet var Marøy medverkande til å gjera eit vedtak um å leggja ned Ivar Aasen-sambandet og føra eiga ut av laget. Innan innkallingi gjekk ut til dette “landsmøtet” 17. april 2004 (Marøy var med på dette “landsmøtet”), gjorde då nemnde Myrvoll og Torheim vedtak um (på eit styremøte i Ivar Aasen-sambandet 14. mars ) å taka upp 7 nye lagsmenn og eitt nytt lokallag, underkjenna ei rad lokallag og direkte innmelde lagsmenn. Dette trass i at dei ikkje hadde kalla inn til landsmøte for 2003, og soleis sat på yvertid i umbodet, og ikkje kunde gjera andre realitetsvedtak enn å kalla inn til umframt (bokmål: ekstraordinært) landsmøte. Med ei slik umgruppering kunde Torheim og Myrvoll tryggja seg eit fleirtal. Det er elles merkeleg at desse skulde taka upp so mange nye lagsmenn, berre for å leggja ned laget på “landsmøtet”. Nedleggjungi var heller ikkje nemnd i innkallingi til “landsmøtet”. Dette strider mot vedtekten for Ivar Aasen-sambandet, som krev at framlegg til vedtektsendringar må sendast saman med innkallingi 30 dagar fyre landsmøtet. Med di ei uppløysing av laget er å rekna for ei endeleg endelykt for vedtekten, er uppløsing å rekna for ei vedtekstendring.

På dette “landsmøtet” vedtok dei altso å leggja ned Ivar Aasen-sambandet, og dessutan å gjeva frå seg attverande eiga til Haldor O. Opedals fond (41.000 kronor). Det er Lars Bjarne Marøy som til no hev styrt kontoen/-ane i fondet. Han hev neitta å føra attende pengane; Ivar Aasen-sambandet hev difor hatt store økonomiske problem etter dette. Det hev drygt ut med å få inn eit nytt styre i fondet, som kann gjera vedtak um å føra pengane attende.

Me nemner elles at slettemeldingi frå Myrvoll og Torheim vart avvist i Brønnøysundregisteret, og at styret som formannen i Ivar Aasen-sambandet, Munkvold, no målber vart uppført i Einingsregisteret.

#### Innkallingi til årsmøtet i Norsk bladmannalag 9. oktober 2004:

Kontoutsksift for Ivar Aasen-sambandet (jfr. vedlegg 08) viser at Norsk bladmannalag berre hev svara 50 kronor i lagsskatt (10 kronor pr. lagsmann i vedkomande lokallag). På uppattskipingsmøtet og årsmøti hev det møtt millom 15-20 (jfr. m.a. vedlegg 02).

Styret i Norsk bladmannalag hev ikkje sidan 1999 kravt inn lagspengar frå medlemene, trass i at dette er ei av dei viktigaste uppgåvone til styret. Saksøkjarane hev vore i kontakt med mange som var til stadar på anten uppattskipingsmøtet i 1999 eller årsmøtet i 2001, ingen av desse hev motteke innkalling til dette årsmøtet. Grunnlaget for at årsmøtet er rettsgildt er at alle medlemene er kalla inn.

### **III.d. Ulempa for saksøkte:**

Norsk bladmannalag hev med berre two styremøte på yver tri år vore so å segja utan aktivitet. Det kann difor ikkje vera ei ulempa for dei saksøkte eller Norsk bladmannalag at kontoen vert sperra.

## **V. Uppsummering**

Dei saksøkte hev ikkje gjort upptak til å oppklåra eventuelle mistolkingar eller taka kontakt, og held undan upplysingar um m.a. lagsmannatal og økonomi for dei andre i styret og lagsmenn og morskipnaden Ivar Aasen-sambandet.

Mange lagsmenn (millom anna saksøkjarane) hev ikkje fenge tilsendt brev med krav um lagspengar eller innkalling til årsmøtet 9. oktober 2004; dette vil segja at desse i gagnet er ekskludera frå Norsk bladmannalag av formannen Marøy. Marøy hev vore utveljande når han sender ut innkallingi til årsmøte til nokre fåe – altso kven han reknar for lagsmenn.

Framferdi åt Storstrand og Marøy i alle høve syner eit tunt skilje millom dei ulike skipnadene og umbodi dei hev i desse. Marøy hev vandskar med å skilja økonomien i dei ulike lagi seg imillom, so som når han fører yver midlar millom lagi utan rettsgilde vedtak. Det er vandskeleg å sjå at dei hev eit klårt skilje millom økonomien åt dei ulike lagi og eigen økonomi – Marøy var med å røysta yver på “landsmøtet” 17. april 2004 um å føra eigneluter ut av Ivar Aasen-sambandet og yver til seg sjølv.

Mönsteret viser at det er stor fåre for at dei saksøkte anten vil freista å leggja ned Norsk bladmannalag og töma kontoen og føra midlane yver til eigne tiltak; eller kuppa heile styret i laget, og gjera tilsvarande transaksjonar etter “styrevedtak”. Det er nære band millom Marøy, Storstrand, Myrvoll og Torheim. Desse hev verka i lag når dei hev tömt two andre lag for pengar.

## **VI. Konto og iverksetjing**

Etter det me kann lesa or rekneskapane og årsmeldingi for Norsk bladmannalag hev laget konto i Fana Sparebank med kontonummer 3411.2401395. Me kjenner derimot ikkje til um dette er einaste gjeldande konto. Som nemnt i *II Verneting og saksgang* bed me at sperring av denne kontoen vert iverksett straks, og fyre årsmøtet 9. oktober 2004.

Kontaktupplysingar for Fana Sparebank (hovudkontor):

Østre Nesttunvei 1, Nesttun  
Postboks. 10 Nesttun  
5852 Bergen

Telefon: 55 91 98 00  
Telefax: 55 91 99 10

## VII. Påstandi

Saksøkjarane peikar på umstendi og argumenti som er nemnde tidlegare og legg ned dette:

### påstandi:

1. (a) Dei saksøkte vert pålagde å halda seg frå å råda yver kontoen i Fana Sparabank og midlane å Norsk bladmannalag, og (b) avgjerdi varer til saki er rettskraftigt avgjord eller anna vert lovleg vedteke på årsmøtet i Norsk bladmannalag.
2. (a) Kontoen i Fana Sparebank vert sperra, og (b) avgjerdi varer til saki er rettskraftigt avgjord eller anna vert lovleg vedteke på årsmøtet i Norsk bladmannalag.
3. Dei saksøkte vert dømde til å svara 3100 - tri tusund eitt hundrad - kronor i sakkostnad til saksøkjarane innan 14 - fjortan - dagar etter denne rettsavgjerdi er forkjent, med tillagd lovleg seinkingsrenta til dess denne er svara.

Med vyrsam helsing,

Ivar Aasen-sambandet  
v/formann Sergej Alexander  
Munkvold  
*/s/*

Jostein Krokvik  
Lagsmann i Norsk  
bladmannalag  
*/s/*

*Kjetil Aasen*  
Kjetil Aasen  
Lagsmann i Norsk  
bladmannalag

# Ivar Aasen-sambandet

org.nr.: 982 495 938

hjå/Sergej Alexander Munkvold

Moholt Allé 1-61

7050 NIDAROS

Telefon: 73 88 74 07

Netpost: sambandet@ivaraasen.no

Nidaros, 28. september 2004

Til:

Lars Bjarne Marøy (formann)

Njårds v 10

2214 Kongsvinger

Dag Hagen Berg (kassestyrar)

Postboks 1639, Vika

0119 Oslo

## PURRING PÅ KRAV UM TILFANG FRÅ NORSK BLADMANNALAG (BLADMANNALAGET)

Me viser til e-post til Lars Bjarne Marøy, formann i Bladmannahaget, med krav um tilfang frå Bladmannahaget, dagsett 24. september 2004. Dette hev me ikke motteke. Dette er ikkje godtakande; det høyrer ingen stad heime at formannen held undan upplysingar, m.a. for styret. Me bed difor at me innan fredag skal ha dette tilfanget:


- Upprit frå uppattskipingsmøtet i 1999
- Upprit frå årsmøtet i 1999
- Upprit frå årsmøtet i 2001
- Innkalling(ar) til årsmøtet i 2001
- Rekneskap(ar) som vart framlagd(e) på årsmøtet i 2001
- Årsmelding som vart framlagd på årsmøtet i 2001
- Anna saktilfang knytt til årsmøtet i 2001
- Gjeldande vedtekter for Bladmannahaget
- Lista yver lagsmenn i Bladmannahaget
- Kontoutskrifter
- Vitring um gjeldande saldo på konto(ar) som Bladmannahaget råder yver

Kravet skal møtast straks, og seinast innan fredag. Tek det tid til å få tak i dettme, bed me at de innan torsdag 21:00 melder frå at de vil møta kravet, på telefon eller e-post. Dersom me ikkje hev hørt noko innan fredag, vurderar me rettslege steg.

Avrit av ovannemnde kravt tilfang skal kvar for seg sendast til:

- Ivar Aasen-sambandet v/formann Sergej Alexander Munkvold
- Vestlandske mållag v/formann Kjell Kjerland (Røynstrandveg 17, 5736 Granvin)
- Håvard Tangen – varamann i Norsk bladmannalag (Kvartsvegen 5, 1158 Oslo)
- Olav Kobbeltveit – varamann i Norsk bladmannalag (Kolltveit, 5353 Straume)

Sergej Alexander Munkvold  
formann i Ivar Aasen-sambandet



Håvard Tangen  
varamann i Norsk bladmannalag

/s/

Kjell Kjerland  
formann i Vestlandske Mållag

/s/

Kjetil Aasen  
lagsmann i Norsk bladmannalag

/s/

Avrit sendt til:

Christian Fredrik Stabell (styresmann)  
Ådne Lunde (varamann)  
Olav Kobbeltveit (varamann)

Eikhovda  
Steinneset  
Kolltveit

5641 Fusa  
5200 Os  
5353 Straume

# Ivar Aasen-sambandet

org.nr.: 982 495 938

hjå/Sergej Alexander Munkvold

Moholt Allé 1-61

7050 NIDAROS

Telefon: 73 88 74 07

Netpost: sambandet@ivaraasen.no

Nidaros, 27. september 2004

Til:

Marøys tenestesamband

org.nr. 986 443 177/

Lars Bjarne Marøy

Njårdsv 10

2214 Kongsvinger

Krav um å føra attende netvaldet "sambandet.no" til Ivar Aasen-sambandet (Sambandet)

## I. Styrevedtaket 14. mars 2004 um yverføringi var urettkome

Det er noko uvisst um vedtaket um å føra yver "sambandet.no", frå Sambandet til Marøys tenestesamband, er å rekna for styrevedtak eller landsmøtevedtak, eller um landsmøtevedtaket var eit "stadfestingsvedtak" av styrevedtak. Ein kann segja at det er fleire høve som hefter denne saki ved.

Å gjeva frå seg eiga å samskipnanden er etter vårt skyn ikkje ein rett styret hev, men landsmøtet. At styrevedtaket var urettkome, vert styrkt av at det tidlegare styret i Sambandet hadde rettsstridigt late vera å kalla inn til landsmøte i 2003, jfr. § 4 i vedtekten. Tenestetidi til styret, valt 15. mai 2002, var difor yver. Styret hadde difor ikkje kompetanse til å gjera anna enn å syta for innkalling til umframt landsmøte med nyval.

## II. Landsmøtevedtaket 17. april 2004 um yverføringi var urettkome

### II.a Veili og urettkomi innkalling til "landsmøtet" 17. april 2004:

Veilone i innkallingi var so mange og grove at "landsmøtet" vanta vedtakskompetanse: Styret i Sambandet med tidlegare formann Klaus Johan Myrvoll hadde andsvaret for å krevja inn lagspengar. Når dette ikkje vert gjort, kann ikkje styret taka retten til å deltaka på landsmøtet frå folk og lag som ikkje hev gjort upp eit

krav dei ikkje hev fenge. Det hev òg vore vane med rettsskapande verknad, at alle lag og lagsmenn kann gjera upp lagspengar rett fyre landsmøtet, dvs. ved opningi av landsmøtet. Det hev difor vore sedvane å kalla inn alle lagsmenn og lag, ubunde av um lagspengane er svara fyre innkallingstidi. Vedtaki um å ikkje kalla inn seinverges lagsmenn som ikkje hadde svara lagspengar på styremøtet 14. mars 2004, tok burt legitimeten og legaliteten til landsmøtet 17. april 2004. Vedtaket um å føra yver "sambandet.no", millom anna, lyt difor rettslegt reknast for å vera ein nullitet.

#### **II.b "Landsmøtet" vanta kompetanse til å leggja ned samskipnaden:**

Når vedtektena er utan eigne reglar for uppløysing, er formkravi til vedtektsbrigde eit minstemål. Vedtektena åt Sambandet krev denne saksgangen fyre vedtak um brigde i vedtektena, jfr. § 4:

*"Landsmøtet tek avgjerd med vanleg fleirtal. Til brigde i vedtektena trengst minst two tridjepartar av røystene. Framleggum slike brigde kann berre takast upp på landsmøtet når dei er kunngjorde saman med innkallingi til møtet."*

Innkallingi til landsmøtet som Myrvoll sende ut 19. mars nemnde ikkje framlegg um å leggja ned samskipnaden. Framleggum var soleis ikkje kjent for andre enn dei som møtte på "landsmøtet" 17. april 2004. "Landsmøtet" vanta difor kompetanse til å gjea vedtak um nedleggjing.

#### **II.c Landsmøtevedtaket um å gjeva frå seg "sambandet.no" til ein lagsmann er rettstridigt:**

Landsmøtevedtaket, jamte nedleggjingi, at "*[a]lle rettar til domenet sambandet.no hev Ivar Aasen-sambandet gjeve frå seg til Marøys tenestesamband*", er i strid med skipnadsrett. Eiga ved nedleggjing skal ikkje gå til lagsmennene, men til ein annan skipnad, oftast med liknande eller tilsvarende fyremål.

#### **II.d Samandrag:**

"Landsmøtet" 17. april 2004 og nedleggjisvedtaket, som vedtaket um yverføringi var tufta på, og vedtaket um yverføringi var uretkomne.

### **III. Marøys tenestesamband og retten til "sambandet.no"**

#### **III.a Yverføringi var eield og fyregripande åtgjerd:**

Netvaldet "sambandet.no" hev vore i eiga åt Sambandet sidan januar 2001 og fram til yverføringi mars 2004. Styret skal råda yver eiga til beste for laget; det er difor uskynlegt at ein brott på styremøtet 14. mars gav frå seg denne luten av eiga til Marøys tenestesamband, oppført berre 2 månader innan i Einingsregisteret (15.01.2004).

Saklista til dette styremøtet nemner ingen søknad eller emne som kann knytast til domenenamn/netvald. I staden løyner ein på saklista den påemna åtgjerdi med punktet

“Sak 5: Heimesidone åt Ivar Aasen-sambandet”; hadde ein spela med opne kort, hadde ein skrive “domenenamn/netvald”. Sambandet kann difor ikkje tolka det annarleis enn at yverføringi av “sambandet.no” etter styrevedtaket 14. mars var ei lenge påemna fyregripande åtgjerd jamte landsmøtevedtaket.

### **III.b De/Marøys tenestesamband mottok “sambandet.no” i vond tru:**

De mottok “sambandet.no” i vond tru: De hev nære venskapsband til den tidlegare formannen Myrvoll og varaformannen Olav Torheim, og De kjende til umstendi kring styremøtet og landsmøtet, ikkje minst kravi frå lokallagi at dei no tidlegare styresmennene Myrvoll, Torheim og Trond Urestad skulde gjeva frå seg rådveldet yver eiga åt Sambandet, millom anna netvaldet “sambandet.no”. Serleg teljande i dette stykket, er at De var med å røysta yver vedtaket um nedleggjing og yverføringi av “sambandet.no” på “landsmøtet” 17. april.

### **III.c Samandrag:**

○ De/Marøys teneste samband hev ingen rett til ”sambandet.no”, og avhendigi er gjord i vond tru av Dykk.

Skulde De fyregripa i denne saki til skade for Sambandet, vil Sambandet gjera Dykk rettsleg andsvarleg, og krevja skadebot og sakkostnad.

Ubunde av korleis De eller me ser på eigedomstilhøvet til domenenamnet “sambandet.no”, bed me um at De stadfester at De ikkje hev til mål å avhenda, leiga burt eller på anna vis føra yver råderetten til domenenamnet “sambandet.no” til andre. Kjem De ikkje med eit slik/t fråsegn/svar, må me diverre sjå dette som vantande tilkjennegjevnad frå Dykk - ein indikasjon på at De kann ha til mål å avhenda, leiga burt eller på anna vis føra yver råderetten til domenenamnet “sambandet.no” til andre. Det vil for oss vera eit moment um me vil vurdera å reisa krav um milloms tiltak gjennom rettslege åtgjerder.

### **III.d Gjenomføring:**

○ Sidan De alt hev gjort ei yverføring/registrering, ventar me at De kjenner til framgangsmåtane knytte til domeneregistreringar, men me gjeng like vel gjennom dette:

1. De fyller ut eit ”yverføringsskjema” og sender det til registraren Domeneshop AS med vanleg postgang eller yver faks. Dette må skrivast under av uppført juridisk kontaktperson (Legal-c) for domenet.
2. Når dette er gjort, melder De utan utdrygjing frå til Sambandet, anten med vanleg postgang eller yver net, slik at Sambandet kann senda inn påkravt eigenkunngjering (bm egenerklæring) til Domeneshop. Når so er gjort, vil det taka 1-2 vikor fyre NORID hev ført yver domenenamnet til den nye eigaren. Sjå òg til at det vert Sambandet som administrerer domenenamnet etter attendeføring, dersom dette trengst.

Alle upplysingar som trengst i tilknyting dette finn De elles på netsidene åt Domeneshop [www.domeneshop.no](http://www.domeneshop.no) under "Spørsmål og svar (SOS)". Ein kann dessutan senda e-post til brukarhjelp med spørsmål.

Posttilskrift til Domeshop AS:

Domeneshop AS  
Nedre vaskegang 6  
NO-0186 OSLO

Faksnummer til Domeneshop AS:

22 94 33 34

## IV Krav


Me peikar på umstendi ovan og legg ned dette:

Lars Bjarne Marøy/Marøy's tenestesamband

1. held seg frå å nytta, avhenda eller nokorleis råda yver domenenamnet "sambandet.no" til skade for Ivar Aasen-sambandet, og
2. gjer turvande tiltak hjå registrar(ar) for å føra attende domenenamnet "sambandet.no" til Ivar Aasen-sambandet innan 14 – fjortan – dagar.

Er det noko som er uklårt, hev du spørsmål, tak kontakt kontakt med oss skriftleg, e-post eller telefon. So lenge me fær tilslutnad for hovudkravet er me interessera i ei minneleg løysing på dette.

Ei åtgjerd som bryt mot dette kravet vert rekna for ei fiendleg åtgjerd.

Ivar Aasen-sambandet  
v/formann Sergej Alexander Munkyold  


Med avrit til:

Dag Hagen Berg (formann i Opedals fond) Postboks 1639, Vik 0119 Oslo

Vedlegg: Brev frå Brønnøysundregistri med registerutskrift

# ■ Brønnøysundregistrene

Kundennr : 1440248  
Munkvold Sergej Alexander  
Moholt Alle 1-61  
7050 TRONDHEIM  
Referanse:

12.08.2004

## Registrering av endring i Enhetsregisteret

Vi viser til melding mottatt 14.07.2004 med saksnummer 2004/1610027  
for:

Navn/foretaksnavn: IVAR AASEN SAMBANDET  
Adresse: hjå/Sergej Alexander Munkvold  
Moholt Allé 1-61  
7050 TRONDHEIM  
Org.form: Forening/lag/innretning  
Organisasjonsnr: 982 495 938

Enhetsregisteret har registrert de endringene som var meldt og som  
Enhetsregisteret har ansvar for å kontrollere.

Vedlagt følger et informasjonskriv. Her er det gitt opplysninger om registreringen. I tillegg finner De en kort beskrivelse av den videre sakshandlingen hvis De samtidig har meldt endringer som kontrolleres av andre registre (f.eks Merverdiavgiftsmannatalet).

Registerutskriften som er vedlagt viser hvilke opplysninger Enhetsregisteret har endret. Opplysningene blir stående i Enhetsregisteret til vi får melding om endring eller sletting. Vennligst ta kontakt med Enhetsregisteret hvis noen av de registrerte opplysningene er feil.

Med hilsen  
**BRØNNØYSUNDREGISTRENE - Enhetsregisteret**

Arnt Kristiansen  
underdirektør

Håvard Kjærstad  
sakshandler

Eventuelle spørsmål kan rettes til Opplysningstelefonen på  
telefonnummer 75 00 75 00.

Organisasjonsnummer: 974 760 673	Postadresse: Enhetsregisteret 8910 Brønnøysund	Tелефoner: Opplysningstelefonen: 75 00 75 00 Telefaks: 75 00 75 05	Andre tjenester: Brønnøysundfaksen: 75 00 75 01 Datafon (motorvognhelfeler): 75 00 75 02 Internett: <a href="http://www.brreg.no">http://www.brreg.no</a>
-------------------------------------	--	--	--

# Brønnøysundregistra

## REGISTERUTSKRIFT FRÅ EININGSREGISTERET

Type opplysninger: Registrerte opplysninger:      Dato for Marknad:  
registr.: .

Organisasjonsnr.:	982 495 938	
Navn/føretaksnavn:	IVAR AASEN SAMBANDET	28.12.2000
Forretningsadr.:	hjå/Sergej Alexander Munkvold Moholt Alle 1-61 7050 TRONDHEIM	12.08.2004
Kommune:	1601 TRONDHEIM	
Land:	Norge	
E-postadresse:	sambandet@ivaraasen.no	12.08.2004
Heimeside:	www.ivaraasen.no	12.08.2004
Telefonnummer:	73 88 74 07	12.08.2004
Telefaksnummer:	22 33 68 11	28.12.2000
Organisasjonsform:	Foreining/lag/innretning	28.12.2000
Stiftingsdato:	11.10.1965	28.12.2000
Dagleg leiar/ adm.direkter:	Fødselsnr: [REDACTED] Sergej Alexander Munkvold Moholt Alle 1 7050 TRONDHEIM	12.08.2004
Kontaktperson:	Fødselsnr: [REDACTED] Håvard Tangen Granheimveien 5 3158 ANDEBU	28.12.2000
Verksamh/art/ bransje:	Mållag	28.12.2000
Næringskode:	91.330 Interesseorganisasjonar elles	08.01.2001
Institusjonell sektorkode:	770 Private konsumentorienterte organisasjonar utan profittføremål (ideelle organisasjonar)	08.01.2001

## **Journalistar med tillitsbrot og illojal framferd**

9. oktober vart det halde årsmøte i mållaget Norsk Bladmannalag i Bergen. Møtet fekk di verre eit valdeleg utfall: Ein vektar vart biten til blods og måtte taka stivkrampesprøyta. Formannen i Vestmannalaget, det eldste mållaget i Noreg, skriv i innlegg i Bergens Tidende at biteepisoden var harmlaus. Andre freistar å flira det heile burt. Parodiane i bergenspresa tek ingen ende. Kann det vera at det heile er for pinleg sidan two lokale journalistar var innblanda i saki?

Norsk Bladmannalag vart skipa i 1913 og er eit lag for skrivande målfolk. Lovi segjer at styret tek avgjerd um kven som skal verta nye medlemer. Etter ein periode der laget i praksis hadde voresovande, slo styret fast på styremøte 22. september at laget hadde 9 medlemer. Likevel, då det skulde haldast årsmøte 9. oktober, dukka det opp ei rad personar utanfor møtelokali som ikkje var millom desse, men som vilde trengja seg inn og kuppa møtet. Styresmann Christian Stabell, som er redaktør i Os- og Fusaposten, og varamann Olav Kobbeltveit, som er politisk redaktør i Bergens Tidende, sympatiserte med innetrengjarane. Dei vilde ikkje koma inn på årsmøtet utan at dei fekk ha med seg dei som ikkje var medlemer. Stabell hev i ettertid sagt at han hev gløymt at det vart gjort vedtak um kven som var medlemer, men dei two andre styresmennene hugsar det godt.

Lagsverksemdi hadde som nemnt lege nede ei tid, og fyre årsmøtet var det naudsynt å gå gjennom økonomien i laget. I samband med denne gjenomgangen vart det klårt at ein av styresmennene hadde gjort uttak som det ikkje kunde gjerast greida for. Formannen tok seg av saki og heldt styresmannen Stabell og varamannen Kobbeltveit orienterte. Han bad dei både um å halda saki internt. Pengane vart betalte attende.

Trass i uppmodingi um å halda saki innanfor styret var det i samband med det mykje umtala årsmøtet two personar som hevda at det var gjort underslag i laget. Den eine hev upplyst til Bergensavisen at han visste um det i god tid fyre årsmøtet. Dei einaste som kann ha informert honom um dette, er Christian Stabell og Olav Kobbeltveit.

Fyre årsmøtet hadde formannen fenge fyrebod um at utanlags folk vilde koma og freista å kuppa møtet. Det var kjent at ein av desse ikkje-medlemene hadde valdelege dragnader, og det vart difor teke avgjerd um å leiga inn vektarar. Det syntet seg å vera naudsynt. Dei same personane som hevda at det hadde vorte gjort underslag, tedde seg først trugande andsynes vektarane med å segia at dei skulde trengja seg gjennom ei læst dør so snart det kom forsterkingar. Når so dei two vektarane vilde tryggja inngangsdøri for "forsterkingane", enda det i fysiske basketak, og ein av vektarane vart biten til blods.

Påstandane um underslag ser ut til å ha vore ein viktig del av motivasjonen for den valdelege framferdi utanfor årsmøtestaden. Eg ser det som eit grovt tillitsbrot mot laget og som sers krenkjande mot den personen som hadde gjort upp for seg på stutt varsel at Christian Stabell og Olav Kobbeltveit gjekk ut til folk utanfor styret og laget med påstandar um underslag. Ikke nok med det: Dei er både andsvarlege for å ha medverka til å hissa upp til valdsbruk. Dessutan hev dei medverka til ei umfemnande skriving i bergenspressa der påstandane um underslag hev vorte spreidde gjennom fleire lesarbrev. Bergens Tidende hev so langt nekta å taka inn korrigerande innlegg.

Lars Bjarne Marøy,  
tidlegare formann i Norsk Bladmannalag



Les melding

[Help](#)[Forrige](#)[Neste](#)Tilbake til: [Innboks](#)**Fra:** "Christian Fr. Stabell" <christian.stabell@osogfusa.no> **Dato:** 2004/10/07 Thu AM 09:14:34 CEST**Til:** <lbmaroy@c2i.net>**CC:** <Olav.Kobbeltveit@bt.no> , <Lars-Toralf.Storstrand@student.uib.no> **Emne:** Re: Formell innkalling[Svar](#)[Svar alle](#)[Videreførelse](#)[Slett](#)[Flytt til](#)[\(Velg mappe\)](#) 

Hei!

Takk for innkalling.

Eg meiner at 3. varamann Ådne Lunde ogso må vera med på møtet. Han har høve til å koma. (2. varamann Håvard Tangen bur vel i Oslo?) Slik stoda er bør både du og Storstrand fråtre i delar av møtet.

Som punkt 1 på saklista bør medlemskapstoda stå. Kor mange og kven har betalt medlemspengar, og når er pengane betalt? Kva er eigentleg kontingensten? (Eg har sjølv fått kr 300 frå journalist Anne-Margrethe Matre Hjemdal her i avis og har overført desse pengane til konto 3411.24.01395.)

○  
Med venleg helsing  
Christian Fr. Stabell

on 06.10.04 21:28, [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) at [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) wrote:

> Hei  
>  
> Eg viser til tidlegare epostar m.m. På grunn av at det må greidast upp i  
> økonomien for tri år er det ynskjeleg å få gjenge igjenom rekneskapstali og  
> status pr. i dag. Eg hev arbeidt med å sluttföra rekneskapane og hev ikkje  
> havt høve til å gjera denne innkallingi tidlegare.  
>  
> Eg kallar med dette inn til umframt styremøte  
>  
> Dei two faste styremedlemene Lars Toralf Storstrand og Christian Stabell vert  
> innkalla. Det er òg ynskjeleg at 1. varamann Olav Kobbeltveit er til stades  
> under møtet.  
>  
> 1 Uppsummering av status økonomi pr i dag  
>  
> 2 Uppsett av rekneskapar  
>  
> Eg bed um at Christian ser nøgje gjenom dei rekneskapsdokumenti han hev fenge  
> tilsendt. Det vil spara oss for mykje tid.  
>  
> Eg vonar at møtet vert stutt og effektivt.  
>  
> Med venleg helsing  
> Lars Bjarne Marøy  
>  
>  
> -----  
> WebMail fra Tele2 <http://www.tele2.no>  
> -----

[Svar](#)[Svar alle](#)[Videreførelse](#)[Slett](#)[Flytt til](#)[\(Velg mappe\)](#) [Forrige](#)[Neste](#)[Søk i meldinger](#)Tilbake til: [Innboks](#)



Les melding

[Help](#)[Førige](#)[Neste](#)Tilbake til: [Innboks](#)**Fra:** "Christian Fr. Stabell" <christian.stabell@osogfusa.no> [Slett](#)**Dato:** 2004/09/30 Thu AM 08:53:03 CEST**Til:** <lamaroy@c2i.net>**CC:** <Olav.Kobbeltveit@bt.no> [Flytt til](#)**Emne:** Re: Svar og kommentar[Svar](#)[Svar alle](#)[Videresend](#)[Slett](#)[Flytt til](#)[\(Velg mappe\)](#)

Hei!

Takk for høgnorsk-rettleiing! Eg vedgår utan vidare at høgnorsk ikkje er mi sterkeste sida, men eg gjer so godt eg kann!

Når det gjeld reiseutlogene mine til årsmøtet i Oslo i 2001, er eg 99 % sikkert på at eg ikkje hev fått pengane. Eg hugsar at eg gav nattogs-billetten min til Storstrand på møtet, men eg hev ikkje motteke uppgjør. På andre sida hev eg heller ikkje purra på pengane.

Eg hev ikkje tid til å kommentera brevet ditt i detalj no, men eg kann vel segja sopass at eg etter kvart har teke til å reagera på det veldige køyret til Munkvold, som eg aldri hev møtt, men berre snakka med eit par gonger på telefon.

Eg synest absolutt at du, Kobbeltveit og eg bør ha eit møte i stjorni før umframå-årsmøtet. Der kann du leggja fram det du hev fått opplyst hjá kundefyrebuaren i banken. Utan slik informasjon vil eg møta temmeleg ubudd til årsmøtet.

Korkje Kobbeltveit eller eg hev tid til, ork til eller interesse av å engasjera oss i fraksjonsstrider i høgnorskrørsla. Me vart jo meir eller mindre "shanghaia" inn i bladmannalaget i si tid. Men når me fyrt var valde til tillitsmenn, kjenner me sjølv sagt eit andsvar for at laget skal koma ut av dette på ein - for å bruka dine ord - someleg måte.


Eg tek gjerne i mot fleire rettingar på feil i høgnorsken min!

Med venleg helsing  
Christian Fr. Stabell

[Svar](#)[Svar alle](#)[Videresend](#)[Slett](#)[Flytt til](#)[\(Velg mappe\)](#) [Førige](#)[Neste](#)[Søk i meldinger](#)Tilbake til: [Innboks](#)



Les melding

[Help](#)[Førre](#)[Neste](#)Tilbake til: [Innboks](#)**Fra:** "Christian Fr. Stabell" <christian.stabell@osogfusa.no>**Dato:** 2004/10/03 Sun PM 12:53:06 CEST**Til:** <lbmaroy@c2i.net>**CC:** <Olav.Kobbeltveit@bt.no>**Emne:** Re: Sv: Bladmannalaget[Svar](#)[Svar alle](#)[Videreføring](#)[Flytt til...](#)[\(Velg mappe\)](#)

Hei!

Gimle eller Fensal er greitt for meg. Gje tilbakemelding um kva det blir.

Med venleg helsing  
Christian Fr. Stabellon 01.10.04 22:34, [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) at [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) wrote:

> Hei  
>  
> Eg ser ikkje nokon grunn til at du treng å vera med i banken. Eg hev tinga  
> alle utskrifter og all informasjon som trengst for å få alle korti på bordet.  
> Denne dokumentasjonen sender eg straks vidare til deg.  
>  
> De vilde ha møtet klokka 17.00. Dette tidspunktet passar òg for Storstrand  
> etter det eg skynar.  
> Skal eg tinga møterom i Gimle eller Fensal? Eg reknar det for uråd å ha eit  
> slikt møte um økonomi på ein offentleg stad.  
>  
> Med venleg helsing  
> Lars Bjarne Marøy  
>  
>>  
>> Fra: "Christian Fr. Stabell" <christian.stabell@osogfusa.no>  
>> Dato: 2004/10/01 Fri PM 02:52:40 CEST  
>> Til: <lbmaroy@c2i.net>  
>> CC: <Olav.Kobbeltveit@bt.no>  
>> Emne: Bladmannalaget  
>>  
>> Hei!  
>>  
>> Eg vil gjerne vera med på møtet som du skal ha med kundefyrehabaren i Fana  
>> Sparebank i neste veke. Utan innsyn i den økonomiske stoda for laget kann eg  
>> ikkje gjera jobben min som styrelem i laget.  
>>  
>> Er det elles greitt med møte i stjorni torsdag 7. oktober i Bergen? Kvar  
>> skal me møtast?  
>>  
>> Med venleg helsing  
>> Christian Fr. Stabell  
>>  
>>  
>> on 30.09.04 15:35, [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) at [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) wrote:  
>>  
>>> Gode dykk  
>>>  
>>> Dersom de vil laget og målrørsla vel meiner eg at det beste er at nokre  
>>> journalistar i målrørsla og utanfor høgnorskørsla fær yvertaka andsvaret  
>>> for  
>>> laget. Det vil etter mitt syn vera det beste.  
>>>  
>>> Eg meiner at ein journalist som Livar Asknes kann vera aktuell. Han er langt  
>>> frå høgnorskmann, men han er ein ryddig fyr med økonomi og stødig målmann.  
>>> Eg  
>>> trur òg det er andre bladfolk som kann gjera ein betre innsats enn  
>>> høgnorskarane. Kva med nokre av dei som skal byggja upp mediesenteret i  
>>> Førde?  
>>>

>>> Eg er viljug til å høyra meg fyre og skaffa fram folk som er fastløna  
>>> bladfolk  
>>> og som kann få meir ut av dette enn dei som det elles vil vera aktuelt å  
>>> trekkja fram.  
>>>  
>>> Med venleg helsing  
>>> Lars Bjarne  
>>>  
>>>  
>>>> Fra: "Christian Fr. Stabell" <[christian.stabell@osogfusa.no](mailto:christian.stabell@osogfusa.no)>  
>>> Dato: 2004/09/30 Thu AM 08:53:03 CEST  
>>> Til: <[lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net)>  
>>> CC: <[Olav.Kobbeltveit@bt.no](mailto:Olav.Kobbeltveit@bt.no)>  
>>> Emne: Re: Svar og kommentar  
>>>  
>>> Hei!  
>>>  
>>> Takk for høgnorsk-rettleiingi! Eg vedgår utan vidare at høgnorsk ikkje er  
>>> mi  
>>> sterkaste sida, men eg gjer so godt eg kann!  
>>>  
>>> Når det gjeld reiseutlogene mine til årsmøtet i Oslo i 2001, er eg 99 %  
>>> sikker på at eg ikkje hev fått pengane. Eg hugsar at eg gav  
>>> nattogs-billetten min til Storstrand på møtet, men eg hev ikkje motteke  
>>> uppgjør. På andre sida hev eg heller ikkje purra på pengane.  
>>>  
>>> Eg hev ikkje tid til å kommentera brevet ditt i detalj no, men eg kann vel  
>>> segja sopass at eg etter kvart har teke til å reagera på det veldige køyret  
>>> til Munkvold, som eg aldri hev møtt, men berre snakka med eit par gonger på  
>>> telefon.  
>>>  
>>> Eg synest absolutt at du, Kobbeltveit og eg bør ha eit møte i stjorni før  
>>> umframtid-årsmøtet. Der kann du leggja fram det du hev fått opplyst hjå  
>>> kundefyrebuaren i banken. Utan slik informasjon vil eg møta temmeleg ubudd  
>>> til årsmøtet.  
>>>  
>>> Korkje Kobbeltveit eller eg hev tid til, ork til eller interesse av å  
>>> engasjera oss i fraksjonsstrider i høgnorskkrørsla. Me vart jo meir eller  
>>> mindre "shanghai" inn i bladmannalaget i si tid. Men når me fyrst var  
>>> valde  
>>> til tillitsmenn, kjenner me sjølv sagt eit andsvar for at laget skal koma ut  
>>> av dette på ein - for å bruka dine ord - sømeleg måte.  
>>>  
>>> Eg tek gjerne i mot fleire rettingar på feil i høgnorsken min!  
>>>  
>>> Med venleg helsing  
>>> Christian Fr. Stabell  
>>>  
>>>  
>>>  
-----  
>> WebMail fra Tele2 <http://www.tele2.no>  
>> -----  
>>  
>>  
>  
> -----  
> WebMail fra Tele2 <http://www.tele2.no>  
> -----

Svar	Svar alle	Videreføring	Støt	Flytt til...	(Velg mappe)	[ ]
Følg meg	Neste	Søk	Innlegg	Tilbake til: Innboks		



Les melding

[Hjelp](#)[Førre](#)[Neste](#)Tilbake til: [Innboks](#)**Fra:** "Christian Fr. Stabell" <christian.stabell@osogfusa.no> **Dato:** 2004/10/01 Fri PM 02:52:40 CEST**Til:** <lbmaroy@c2i.net>**CC:** <Olav.Kobbeltveit@bt.no> **Emne:** Bladmannahaget[Svar](#)[Svar/alle](#)[Videreføring](#)[Slett](#)[Flytt til...](#)[\(Velg mappe\)](#)

Hei!

Eg vil gjerne vera med på møtet som du skal ha med kundefyrehabaren i Fana Sparebank i neste veke. Utan innsyn i den økonomiske stoda for laget kann eg ikkje gjera jobben min som styrelem i laget.

Er det elles greitt med møte i stjorni torsdag 7. oktober i Bergen? Kvar skal me møtast?

Med venleg helsing  
Christian Fr. Stabell

on 30.09.04 15:35, [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) at [lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net) wrote:

> Gode dykk  
>  
> Dersom de vil laget og målrørsla vel meiner eg at det beste er at nokre  
> journalistar i målrørsla og utanfor høgnorskrørsla fær yvertaka andsvaret for  
> laget. Det vil etter mitt syn vera det beste.  
>  
> Eg meiner at ein journalist som Livar Asknes kann vera aktuell. Han er langt  
> frå høgnorskmann, men han er ein ryddig fyr med økonomi og stødig målmann. Eg  
> trur òg det er andre bladfolk som kann gjera ein betre innsats enn  
> høgnorskarane. Kva med nokre av dei som skal byggja upp mediesenteret i Førde?  
>  
> Eg er viljug til å høyra meg fyre og skaffa fram folk som er fastløna bladfolk  
> og som kann få meir ut av dette enn dei som det elles vil vera aktuelt å  
> trekka fram.  
>  
> Med venleg helsing  
> Lars Bjarne  
>  
>  
>> **Fra:** "Christian Fr. Stabell" <[christian.stabell@osogfusa.no](mailto:christian.stabell@osogfusa.no)>  
>> **Dato:** 2004/09/30 Thu AM 08:53:03 CEST  
>> **Til:** <[lbmaroy@c2i.net](mailto:lbmaroy@c2i.net)>  
>> **CC:** <[Olav.Kobbeltveit@bt.no](mailto:Olav.Kobbeltveit@bt.no)>  
>> **Emne:** Re: Svar og kommentar  
>>  
>> Hei!  
>>  
>> Takk for høgnorsk-rettleiingi! Eg vedgår utan vidare at høgnorsk ikkje er mi  
>> sterke sida, men eg gjer so godt eg kann!  
>>  
>> Når det gjeld reiseutlogene mine til årsmøtet i Oslo i 2001, er eg 99 %  
>> sikker på at eg ikkje hev fått pengane. Eg hugsar at eg gav  
>> nattogs-billetten min til Storstrand på møtet, men eg hev ikkje motteke  
>> uppgjer. På andre sida hev eg heller ikkje purra på pengane.  
>>  
>> Eg hev ikkje tid til å kommentera brevet ditt i detalj no, men eg kann vel  
>> segja sopass at eg etter kvart har teke til å reagera på det veldig køyret  
>> til Munkvold, som eg aldri hev møtt, men berre snakka med eit par gonger på  
>> telefon.  
>>  
>> Eg synest absolutt at du, Kobbeltveit og eg bør ha eit møte i stjorni før  
>> umframt-årsmøtet. Der kann du leggja fram det du hev fått opplyst hjå  
